



Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 9 ,2008

Takk. til kommunen. Kommuneøkonomien er svak i Sykkylven som mange andre stader, men enno vert det delt ut pengar til lag og foreiningar etter søknad. Velledalen IL har nyleg teke mot melding om at kroner 4000,- er på veg inn på konto. Dette er same summen som vi fekk i 2007. Tusen takk!!

Sluttrapport Førljulsmezza 2008. Det gjekk bra, men vi hadde bra kalde føter dagen før messa når snøstormen herja som verst. Heldigvis roa vêret seg, men mange brukte nok laurdagen på snømåking. Alt i alt er arrangørlaga nøgde. Basarbøker, tombola og kaffi/kaker gav ei bruttoinntekt på kring 75 000 kroner (Rekorden er 80 000). Sjølvstøtt er det utgifter, 11000 til Joker, husleige, annonsering +++, så nettoen som skal delast på VRF og VIL bikkar truleg så vidt 50 000 kroner

Takk til alle som stod på og jobba, alle som kjøpte, og alle som handla hjå utstillarane. Til sjuande og sist er det utstillarane sin handel, og deira oppleving av helga, som avgjer levetida til arrangementet.

Største patriotane i Velledalen. Dagbladet har nyleg avslutta kåringa av "Klubben i mitt hjerte". Velledalen IL gjorde det best av idrettslaga i Sykkylven kommune med delt 22.plass (med Norborg) med 106 stemme. VIL var i klasasa for fleiridrettslag under 500 medlemmar. I same klasse vart Ikornnes IL nummer 662 med éi stemme. Andre resultat frå Sykkylven:

Spesialidrettslag med over 100 medlemmar:

Nr. 143 FK Sykkylven 41 stemme

Nr. 436 VRF 8

Nr. 651 Hundeidvik IL 3

Fleiridrettslag over 500 medlemmar:

Nr 462 Sykkylven IL 4 stemme.

Alle med over 100 stemme (altså berre Velledalen IL frå vår kommune) er med i trekningen av sportsutstyr for kr 25 000 frå Adidas

Nesten trimrekord. 9661 besøk vart registrert på VIL sine tolv trimpostar i trimåret 2008 (frå oktober til oktober). Dette er 107 færre enn i rekordåret 2007, då rekorden på 9768 vart registrert. Brunstadsætra var best besøkt med 1848 registreringar siste året. Holetindane hadde minst med 92 (21 av desse Nils Terje Skylstad), tett fylgd av Høgsætra med 100.

Mest stabile post er skogsvegen ved Fet med serien 1163 (2006), 1118 (2007) og 1171 (2008). Imponerende stabilt. På nettsida www.velledalen.net (under linken til idrettslaget) vil samanlagtsresultata no bli lagt ut i små porsjonar. Vi startar med 10. plassen og går oppover. Vinnaren vert utrop 24. desember

Til Tyskland på renn. Terje Aurdal, fyrste løpar frå Velledalen IL som fullførte Vasaloppet, skal delta i eit renn i Tyskland 1. februar 2009. Rennet heiter König Ludwig Lauf, går i Oberammergau, og er 50 kilometer langt. Rennet går i klassisk stil. Alf Pilskog vert òg med.

Friidrett. På nettsida www.velledalen.net har vi tidlegare meldt at Bengt Hole Alnes, Siv Therese Brunstad og Ellen Marie Hole kvalifiserte seg til finalen i skulecupen i friidrett. Den vert arrangert i Molde til våren. Dit kom òg Lars Johan Nybø, med mor frå Velledalen, og Sondre Brunstad Fet, med begge foreldra frå Velledalen. Slett ikkje verst.

Damer på tur. Heidi Stavik, tidlegare dyktig fotballspelar i VRF og FK Sykkylven, har spela seg til både serie- og cupgull i Australia. Ein flott prestasjon, og for dei som ikkje veit det har Heidi mor frå Velledalen (Tove Hole). Fotballgena har ho truleg mest frå faren, Rune, som har ei lang rekkje kampar for Sykkylven IL, HIL og nokre for VRF old boys.

Ei velledalstaus, Laila Ødegård, har hatt ein kanonsesong i Stabæk i 2008 med gull i serien og sølv i cupen. Rett nok har ikkje Laila vore på bana (enno), men vi kan seie det slik: Ho er i støtteapparatet Gratulerer til begge damene!

Julegåvetips: Ullmax. Trøye+ bukse storleik 2-8 år kr. 99,- Rasande rimeleg

Same produkt til vaksne kr 199,-

To par heilårssokkar kr 99,-

Mange andre tilbod: Kontakt Elisabeth Urke Hjorthol eller Atle Hole.

Prima forhold. No er det optimale forhold for skigåing anten det er i oppkøyrd løyper eller ute i terrenget i jomfrueleg snø. Ta deg ein tur og sit ikkje inne og stur.

Nytt arrangement: Berre styregodkjenning manglar før eit nytt arrangement ser dagslys laurdag 13. desember. Då skal det arrangerast "Ope velledalsmeisterskap i shopping". No trur vi alle damer hoppa i godstolen, men meir får du ikkje vite i denne omgang.

Relativt nygift skiløpar,
Stian Mork



Laila seriemeister med Stabæk



Heidi Stavik cup- og seriemeister

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.